Kraftproduksjon i Eidfjord kommune om lag 2.740 GWh/år mens forbruket av elektrisk kraft ligger på omlag 26 GWh. Forbruket utgjør dermed i underkant av 1% av totalproduksjonen. **Eidfjord har således et stort overskudd av kraft.**

10 Potensielle Forbrukere

10.1 Hydrogen- og oksygenforbruk

Potensielle brukere av hydrogen og oksygen og deres forbruk er beskrevet i dette kapitlet.

10.1.1 Hydrogendrevne kjøretøy (H₂)

Det er flere potensielle brukere av hydrogenkjøretøy i Hardanger og nærområdene.

Privatbiler: Det er i dag tilgjengelig kommersielle hydrogendrevne privatbiler (Hyundai ix 35 FCEV og Toyota Mirai). Ved å muliggjøre fylling av hydrogen til privatbiler, viser erfaring blant annet fra Bergen at det innen kort tid vil etableres en brukergruppe med eiere av slike kjøretøy, både privatpersoner, selskaper og offentlige instanser.

Trekkvogner: Det er også flere transportselskaper i Norge som arbeider med prosjekter relatert til Hydrogenbasert landtransport, blant annet Asko, som har vedtatt å etablere produksjon av hydrogen til eget bruk og i løpet av 2017 vil deres første hydrogendrevne lastebil leverer mat til norske butikker.

Busser: Hydrogendrevne busser er i dag tilgjengelig i det kommersielle markedet. I Oslo-området kjører det i dag 5 stk. hydrogendrevne busser i ordinær trafikk.

10.1.1.1 Forbruk av hydrogen

Biler. En hydrogendreven bil (type familiebil / SUV) kjører ca. **85 km på 1 kg H₂**. ved en gjennomsnittlig kjørt daglig distanse på 40 km gir dette et forbruk på **0,5 kg H₂/dag per bil. Dette tilsvarer ca. 180 kg hydrogen/år.**

Trekkvogn. En trekkvogn vil ha en typisk effekt på en hydrogendreven brenselcelle på 200 kW. Vi antar at forbruket tilsvarer forbruket til en hydrogendreven buss som har et gjennomsnittlig forbruk på **25 kg H₂ / dagen. Med en driftstid på 300 dager/år, tilsvarer dette 7.500 kg hydrogen/år.**

Buss. En hydrogendreven buss har et gjennomsnittlig forbruk på **25 kg H₂/dag. Med en driftstid på 300 dager/år, tilsvarer dette 7.500 kg hydrogen/år.**


10.1.2 Brenselcellesystem om bord i båter/skip (H₂)

Det er aktuelt å se på typisk arbeidsbåter relatert til oppdrettsnæringen, samt fergevirksomhet som forbrukere av hydrogen produsert på Vadheim.

10.1.2.1 Arbeidsbåter

Typisk drift for en arbeidsbåt som driftes 8 timer i døgnet har et forbruk på **50 kg hydrogen/dag.** **Arbeidsbåtene er i drift 6 dager i uken, hele året, dvs et årlig forbruk på ca. 15.600 kg hydrogen/år.**

Det er en stor grad av oppdrettsnæring i Hardanger. Kartet under viser en oversikt over de forskjellige installasjonene:



- Akvakultur
- ☞ Matfisk laks, ørret, regnbueørret
- ☞ Stamfisk laks, ørret, regnbueørret
- ☞ Settefisk laks, ørret, regnbueørret
- ☞ Andre arter
- ☞ Slaktemerd
- ☞ Bløtdyr, krepsdyr, pigghuder
- ☞ Forskning, undervisning, visning

10.1.2.2 Fergedrift

En typisk ferge har 1 MW installert motoreffekt, men det er kun realistisk at det er 300 kW installert effekt som dekkes med hydrogen da resten blir tatt med batteriteknologi. 300 kW har et forbruk på ca. 18 kg hydrogen/time.

En ferge seiler typisk 12 timer per dag (resten er havneligge og nattligge) og 360 dager i året. Dette gir et daglig forbruk på **216 kg hydrogen/dag og 78.000 kg hydrogen/år.**

Potensielle fergestrekninger som ligger i relativ nærhet til Hardanger og er således potensielle brukere av hydrogen produsert fra anlegget:


En hensiktsmessig måte å levere hydrogen til arbeidsbåter og ferger på, er å konstruere et system med trykktanker i ISO containere (10 eller 20 fot) i et «plug and play» system og bytte ut hele ISO containeren ved behov for bunkring av ny drivstoff.

Potensielle fergestrekninger ligger i eller i relativ nærhet til Hardanger og er således potensielle brukere av hydrogen produsert i regionen er vist i tabellen under. Andre fergestrekninger kan også være aktuelle, men dette krever lengre transport av drivstoffet.

Utne–Kvanndal	Norled
Kinsarvik–Utne–Kvanndal	Norled
Jondal–Tørvikbygd	Norled
Gjermundshamn-Varaldsøy-Årsnes (2 ferger)	Norled

10.1.3 Hurtigbåter

Hardanger har ingen faste helårs hurtigbåtruter. Det går en daglig turistrute i regionen mai-september, denne driftes av Nordled AS. Kartet under viser rutene.



10.1.4 Cruisebåter

Hardangerfjorden har sett en betydelig økning i cruiseanløp de siste årene. Det vil ikke være realistisk å planlegge for hydrogen som fremdrift på cruisebåter i overskuelig fremtid. Det er derimot aktuelt å vurdere hydrogen-drevne brenselceller for å generere strøm til cruisebåtene når de ligger i ro og på den måten unngå at cruiseskipene lar dieseldrevne motorer med tilhørende forurensing gå. En typisk konfigurasjon vil være på 1 MW noe som tilsvarer 60kg H₂ /timen. Disse brenselcelle-konfigurasjonene kan enten være montert landfaste ved kai eller på lekter.

Forutsatt at en cruisebåt ligger 12 timer i gjennomsnittet i ro i Hardanger, tilsvarer dette 720 kg H₂ /båt. Med ca. 70-80 cruiseanløp i Hardangerfjorden, gir dette et fremtidig potensiale på 57.600 kg H₂/år.

10.2 Hydrogen i industrien

Hydrogen i industrien –enten som energibærer eller som prosessråstoff- kan generere et stort forbruk. Ett eksempel er bruk av hydrogen i reduksjonsprosessen for å produsere jern og titandioksid fra ilmenitt. TiZir i Tyssedal vurderer å bytte ut kull med hydrogen i sin reduksjonsprosess, noe som vil kreve et forbruk av 30.000 kg hydrogen om dagen, tilsvarende ca. **10.950.000 kg hydrogen i året**. Som oversikten under viser, er det kun Odde kommune som har stor industrivirksomhet og således representerer lokal storskalaforbruk til industrien.

Odde kommune:

Odde er kjent som en industrikommune, med bedrifter som Boliden Odde (tidl. *Norzink*) og TiZir.

Kvam kommune:

Industrien er variert selv om den domineres av verkstedindustri og primær jern- og metallindustri. Disse to bransjene hadde 2011 til sammen 56 prosent av industriens sysselsetting og domineres av henholdsvis Fjellstrand AS på Omastrand og Bjølvefossen ASA i Ålvik (ferrolegeringsverk).

Eidfjord kommune:

Industrien i Eidfjord er beskjeden.

Jondal kommune:

Industrien i Jondal kommune er beskjeden.

Ulvik kommune:

Industrien er beskjeden.

Ullensvang kommune:

Industrien er beskjeden

Granvin kommune:

Industrien i Granvin er beskjeden.

10.3 Hydrogen til eksport

Det er som nevnt i kap 10.2 per i dag få lokale storforbrukere av hydrogen i Hardanger. Dersom det skal produseres hydrogen til bruk i industrien utover TiZirs behov (Odde kommune), må hydrogenet eksporteres, enten nasjonalt eller internasjonalt.

Det er mest nærliggende å anta et hydrogenet eksporteres internasjonalt, da dersom det vil være andre industrier i Norge som har behov for større mengder hydrogen, vil hydrogenproduksjonen mest sannsynlig også plasseres i nærheten av forbruker.

Det er imidlertid et stort potensielt marked for internasjonal eksport av bærekraftig hydrogen. Greenstat er i god dialog med Japan, som har som målsetting å innføre storskala bruk av hydrogen til kraftproduksjon. Studier viser at et fremtidig hydrogentransport skip vil kunne transportere **75.000.000 kg hydrogen i året til Japan, ca. 7 ganger så mye som forbruket hos TiZir tilsier**.

Dette vil imidlertid kreve vannkraft tilsvarende ca. 4,5 TWh, noe som igjen vil kreve en enorm utbygging av vannkraften i Hardanger.

10.4 Bruk av Oksygen

10.4.1.1 Oksygenering for fiskeoppdrett

Når hydrogen produseres ved hjelp av elektrolyse, produseres også oksygen som et biprodukt (Åtte ganger så mye oksygen som hydrogen i vektform). Vanligvis benyttes ikke oksygenet kommersielt, men det er mulig å selge oksygenet til havbruksnæring dersom det befinner seg denne type næring i umiddelbar nærhet til elektrolyseanlegget.

Et typisk havbruk et årlig forbruk av 150.000 kg oksygen, dvs **410 kg oksygen/dag.**

11 Oppsummering

Potensialet for hydrogenproduksjon i de respektive kommunene i Hardanger er avhengig av følgende faktorer:

- 1) Er det overskuddskraft i kommunen i dag?
- 2) Hvis ja, hvor mye?
- 3) Hvis det ikke er overskuddskraft, er det potensiale for kraftutbygging?
- 4) Hvis det ikke er overskuddskraft, er det mulig å importere kraft?

Potensialet for bruk av hydrogen i de respektive kommunene i Hardanger er avhengig av følgende faktorer:

- 1) Potensiale for bruk av hydrogen i transportsektoren eller maritim sektor?
- 2) Potensiale for bruk av hydrogen i industrien?
- 3) Potensiale for å produsere hydrogen for eksport?

11.1 Kvam kommune:

Potensialet for hydrogenproduksjon i Kvam er avhengig av følgende faktorer:

Er det overskuddskraft i kommunen i dag? **Hvis man forutsetter at all kraft produsert ved Bjølvo Kraftverk dedikeres til industrianlegget i Ålvik, er det ikke overskuddskraft i Kvam.**

Hvis det ikke er overskuddskraft, er det potensiale for kraftutbygging? **NVE har bereknet det samlede potensialet for utbygging av ytterligere småkraftverk i kommunen til om lag 456 GWh.** Det er imidlertid per i dag gitt få konsesjoner for småkraftverk i Kvam.

Hvis det ikke er overskuddskraft, er det mulig å importere kraft? **Nei, det er ikke nettkapasitet til å importere kraft til Kvam kommune.**

Potensialet for bruk av hydrogen i Kvam er avhengig av følgende faktorer:

- Potensiale for bruk av hydrogen i transportsektoren eller maritim sektor?
- Potensiale for bruk av hydrogen i industrien?
- Potensiale for å produsere hydrogen for eksport?

I og med Kvam har et underskudd av egenprodusert kraft, samt begrenset med planer for småkraftutbygging per i dag og ikke nettkapasitet for import av strøm, er potensialet for hydrogenproduksjon i kommunen per i dag lav. Det er imidlertid interessant å diskutere å erstatte bruken av kull med hydrogen i reduksjonsprosessen for produksjon av Ferrorlegeringer hos Bjølvefossen ASA i Ålvik (liknende det som er planlagt hos TiZir i Odda).

11.2 Eidfjord kommune:

Potensialet for hydrogenproduksjon i Eidfjord er avhengig av følgende faktorer:

- Er det overskuddskraft i kommunen i dag? **Ja, Eidfjord har et stort overskudd av kraft.**
- Hvis ja, hvor mye? **Eidfjord kommune har ca. 2.700 GWh overskudd.**

Potensialet for bruk av hydrogen i Eidfjord er avhengig av følgende faktorer:

- Potensiale for bruk av hydrogen i transportsektoren eller maritim sektor?
- Potensiale for bruk av hydrogen i industrien?
- Potensiale for å produsere hydrogen for eksport?

I og med Eidfjord har et stort overskudd av egenprodusert kraft, er kommunen en potensiell produsent av storskala hydrogen for eksport. Da det ikke er storindustri i Eidfjord, vil det være mest aktuelt å produsere hydrogen i stor skala for eksport med skip.

Studier viser at et fremtidig hydrogentransport skip vil kunne transportere 75.000.000 kg hydrogen i året til Japan. Dette vil kreve ca. 4.600 GWh kraft for å produsere. Et anlegg i Eidfjord vil således kunne levere hydrogen til 60% av et slikt skips kapasitet. Det vil naturlig nok være mest hensiktsmessig å plassere et storskala hydrogenproduksjonsanlegg ved sjøkanten.

Rundt et storskalaproduksjonsanlegg vil det være naturlig å muliggjøre fylling av hydrogen for transportsektoren også, som fyllestasjon for biler, busser og lastebiler.

I denne rapporten er det ikke tatt hensyn til eventuell realisering av NorthConnect.

11.3 Jondal kommune:

Potensialet for hydrogenproduksjon i Jondal er avhengig av følgende faktorer:

Er det overskuddskraft i kommunen i dag? **Ja, Jondal har et overskudd av kraft.**
Hvis ja, hvor mye? **Jondal kommune har per i dag ca. 60 GWh overskudd.**

Potensialet for bruk av hydrogen i Jondal er avhengig av følgende faktorer:

Potensiale for bruk av hydrogen i transportsektoren eller maritim sektor?
Potensiale for bruk av hydrogen i industrien?
Potensiale for å produsere hydrogen for eksport?

I og med Jondal har et relativt begrenset overskudd av kraft (ca. 60 GWh per i dag, ytterligere et potensiale på 140 GWh), vil hydrogenproduksjon i kommunen mest sannsynlig være interessant for småskala produksjon til transportsektoren og maritim sektor;

- lokal buss- og biltrafikk
- arbeidsbåter til oppdrettsnæring. Det er ca. 10 stk oppdrettsanlegg i kommunen.

11.4 Ulvik kommune:

Potensialet for hydrogenproduksjon i Ulvik er avhengig av følgende faktorer:

Er det overskuddskraft i kommunen i dag? **Ja, Ulvik har et overskudd av kraft.**
Hvis ja, hvor mye? **Ulvik kommune har per i dag ca. 90 GWh overskudd.**

Potensialet for bruk av hydrogen i Ulvik er avhengig av følgende faktorer:

Potensiale for bruk av hydrogen i transportsektoren eller maritim sektor?
Potensiale for bruk av hydrogen i industrien?
Potensiale for å produsere hydrogen for eksport?

I og med Ulvik har et relativt begrenset overskudd av kraft (ca. 90 GWh per i dag, ytterligere potensiale er ukjent, men det er gitt konsesjon til ca. 5 nye småkraftverk), vil hydrogenproduksjon i kommunen mest sannsynlig være interessant for småskala produksjon til transportsektoren; lokal buss- og biltrafikk.

Det kan også være aktuelt med småskalaproduksjon av hydrogen til hurtigbåter som trafikkerer Hardangerfjorden i sommerhalvåret.

I og med det ikke er oppdrettsnæring i Ulvik, vil ikke leveranse av hydrogen til arbeidsbåter være særlig aktuell.

11.5 Ullensvang kommune:

Potensialet for hydrogenproduksjon i Ullensvang er avhengig av følgende faktorer:

Er det overskuddskraft i kommunen i dag? **Nei, Ullensvang har et underskudd av egenprodusert kraft.**

Hvis det ikke er overskuddskraft, er det potensiale for kraftutbygging? **Det er gitt konsesjon til et fåtall småkraftanlegg.**

Hvis det ikke er overskuddskraft, er det mulig å importere kraft? **Ja, det er nettkapasitet til å importere kraft til Ullensvang kommune.**

Potensialet for bruk av hydrogen i Ullensvang er avhengig av følgende faktorer:

Potensiale for bruk av hydrogen i transportsektoren eller maritim sektor?

Potensiale for bruk av hydrogen i industrien?

Potensiale for å produsere hydrogen for eksport?

I og med Ullensvang har et underskudd av egenprodusert kraft, samt begrenset med planer for småkraftutbygging, er potensialet for hydrogenproduksjon i kommunen per i dag lav. Det er heller ingen særlig industri eller oppdrettsnæring i kommunen. Det er imidlertid nettkapasitet i kommunen til å muliggjøre hydrogenproduksjon i større skala til eksport av hydrogen dersom man ønsker å importere strøm.

11.6 Granvin kommune:

Potensialet for hydrogenproduksjon i Granvin er avhengig av følgende faktorer:

Er det overskuddskraft i kommunen i dag? **Granvin har per i dag et underskudd av egenprodusert kraft.**

Hvis det ikke er overskuddskraft, er det potensiale for kraftutbygging? **I følge IHK sin oversikt "potensiale for småkraftverk", er potensialet i Granvin pr. 01.12.06 på 23,3 MW, noe som tilsvarer opptil ca. 200 GWh.**

Hvis det ikke er overskuddskraft, er det mulig å importere kraft? **Ja, det er nettkapasitet til å importere kraft til Granvin kommune.**

Potensialet for bruk av hydrogen i Granvin er avhengig av følgende faktorer:

Potensiale for bruk av hydrogen i transportsektoren eller maritim sektor?

Potensiale for bruk av hydrogen i industrien?

Potensiale for å produsere hydrogen for eksport?

I og med Granvin har et underskudd av egenprodusert kraft, er potensialet for hydrogenproduksjon i kommunen per i dag lav. Det er imidlertid et potensiale på småkraft

tilsvarende 200 GWh, men det er få eller ingen konkrete planer per i dag for småkraftutbygging.

Det er ingen særlig industri eller oppdrettsnæring i kommunen. Det er imidlertid nettkapasitet i kommunen til å muliggjøre hydrogenproduksjon i større skala til eksport dersom man ønsker å importere strøm. Hydrogen til ferge drift (f. eks. Kvanndal Utne Kinsarvik) eller til hurtigbåt er også en mulighet.

11.7 Odde kommune:

Potensialet for hydrogenproduksjon i Odde er avhengig av følgende faktorer:

Er det overskuddskraft i kommunen i dag? **Ja, det er et betydelig overskudd i kommunen i dag.**

Hvis ja, hvor mye? **Ca. 1.800 GWh**

Potensialet for bruk av hydrogen i de respektive kommunene i Hardanger er avhengig av følgende faktorer:

Potensiale for bruk av hydrogen i transportsektoren eller maritim sektor?

Potensiale for bruk av hydrogen i industrien?

Potensiale for å produsere hydrogen for eksport?

I og med Odde har et stort overskudd av egenprodusert kraft, er kommunen en potensiell produsent av storskala hydrogen for eksport med skip eller industri. Det vil naturlig nok være mest hensiktsmessig å plassere et storskala hydrogenproduksjonsanlegg ved sjøkanten for eksport eller i nærheten av industrinæringen.

Rundt et storskalaproduksjonsanlegg vil det være naturlig å muliggjøre fylling av hydrogen for transportsektoren også, som fyllestasjon for biler, busser og lastebiler, i tillegg til maritim sektor.

12 Konklusjon

Prosjektet har vist at det er store muligheter for både produksjon- og bruk av hydrogen i Hardangerregionen som helhet.

Det er imidlertid store forskjeller på mulighetene i de forskjellige kommunene, blant annet avhengig av kraftproduksjon, nettkapasitet og lokal industri.

En naturlig neste fase vil være å gå i mer detaljert dialog med relevante aktører i hver enkelt kommune.

Typiske aktører vil være fra kraftsiden; kraftprodusenter, nettselskaper, eiere av fallrettigheter.

Typiske aktører på forbrukersiden vil være; lokale myndigheter, industri, kollektivtransportselskaper, transportselskaper, rederier, oppdrettsnæring.



Møtedato 15.12.2016

Saksansvarleg Jostein Eitrheim

HR-sak 56/16 Uttale frå Hardangerrådet til KVV E134 Gvammen - Vågsli

Saksvedlegg:

Saksutgreiing:

Bakgrunn for saka:

Statens vegvesen har i brev datert 20.09.2016 sendt KVV E134 Gvammen-Vågsli på høyring. Høyringsfristen er sett til 15.12.2016

E134 Haukelivegen frå Haugesund til Drammen er den klart mest trafikkerte av forbindelsane mellom Austlandet og Vestlandet. For mange er det og det einaste realistiske alternativet. Vegen knyter saman Austlandet og Vestlandet, og den knyter og saman naturlege og viktige arbeids-, bolig- og serviceregionar som Sunnhordland, Haugalandet, Vest-Telemark, Notodden, Kongsberg og Drammen.

Det er ei stor befolkning som kan bruke E134: I området Stavanger-Bergen bur det 800 000 innbyggjarar, mens det rundt Oslofjorden bur 1 800 000.

E134 er ein viktig veg for både Rogaland og Hordaland. Oppjustering av heile E134 er ei sak som mange av næringssekskapa, kommunane og regionråda har vært opptekne av i ei årrekke, og utviklinga på austsida av fjellet, som Vågsli – Gvammen, er også svært viktig for Vestlandet.

Saksopplysningar:

KVV for E134 Gvammen-Vågsli er ei direkte oppfølging av «Utredning om forbindelser mellom Østlandet og Vestlandet» som Statens vegvesen i januar 2015 overleverte til Samferdselsministeren. I desember same år kunngjorde Regjeringa at den ville følge Statens vegvesens tilråding om at E134 skal være ein av dei prioriterte hovudvegsambanda mellom aust og vest. Departementet ga så Statens vegvesen i oppdrag å utarbeide ei konseptvalutgreiing (KVV) som grunnlag for avgjerd om traseen skal gå over Rauland eller Seljord. Samstundes ga Regjeringa Statens vegvesen i oppdrag å utarbeide ein KVV for strekninga Gol-Voss, sjølv om Statens vegvesen si tilråding var at det andre hovudvegsambandet burde være rv52 over Hemsedal. I oppdragsbrevet frå Samferdselsdepartementet til Vegdirektoratet 02.02.2016 kjem det fram at Regjeringa tek sikte på å leggje fram ei prioritering av aust- vestsamband i Nasjonal transportplan 2018-2029.

Dagens situasjon

Dagens trase for E134 mellom Gvammen og Vågsli er ca 110 km. Ny veg mellom Gvammen og Århus vil stå ferdig i 2016 og gjev ei innkorting på 11 km. Dagens veg går i eit krevjande terreng med store høgdeforskjellar, mange svingar og har dårleg standard på deler av strekninga. Dagens årsdøgntrafikk (ÅDT) er mellom 1400 og 1500 bilar. Tungbilandelen er på 15 – 20%.


To konsept er greidd ut

Dei to konsepterna som er greidd ut i KVU-en er ei «direkte» linje mellom Gvammen og Grunge/Vågsli som kortar inn vegen, gjev gunstigare stigningstilhøve og kortare reisetid og ein rettare veg = konsept nord/innkorting. Det andre konseptet er å byggje ein ny veg i same korridor som dagens E134 (ikkje utviding av eksisterande veg, men ny) = konsept sør. Ut frå framtidig ÅDT-tal har SVV lagt til grunn ein 3-felts veg i sine analysar.

Det prosjektutløysande behovet er: *Eit meir effektivt vegsamband som gjev kortare reisetid og lågare transportkostnader mellom Gvammen og Vågsli.*

Samfunnsmalet er fastsatt av Samferdseldepartementet, slik: *Vegen mellom Gvammen og Vågsli skal være ein effektiv delstrekning på hovedvegsambandet E134 mellom Austlandet og Vestlandet.*

Effektmåla er knytt til reduserte reisekostnader. Kortare reisetid og færre høgdemeter nyttast som indikatorar på om måla er nådd. Det gir også miljøgevinst.



Kort om transportanalysa

I analysane er det lagt til grunn to referansealternativ. Det er **Basis2050** og **Basis2050+E134**. I

Basis2050 er det verken gjennomført store nyinvesteringar på andre aust-vest korridorar, på øvrig vegnett eller på jernbane, utover prosjekt som allereie har fått løyving eller en bundne. I tillegg er alle ordinære bomstasjoner fjerna med unntak av bomringer rundt en del av de største byane. I

Basis2050+E134 er det

lagt inn omfattande nyinvesteringar på E134 mellom Drammen og Haugesund unntatt på strekninga mellom Gvammen og Vågsli, i tillegg til dei prosjekta ligg inne i Basis2050 (fått løyving eller er bundne).

Trafikale verknader

Konsept nord er 23 km kortare enn konsept sør og gir 51 min. kortare reisetid, medan korridor sør gjev reisetidsgevinst på 36 min.

Stigningstilhøva i konsept nord er gunstigare enn for konsept sør. Konsept nord har ingen stigningar mellom Gvammen og Grunge på meir enn 3,4 %. For konsept sør er 3 % av same strekning brattare enn

4 %. To parti trekk opp gjennomsnittet (et parti vest for Høydalsmo og ett øst for Åmot). Begge konsept

har færre parti med stigning over 3 % enn dagens veg. Vegen mellom Grunge og Vågsli er felles for begge konsept. Den har ei kort strekning med stigning over 4 %, men er elles ganske flat. 70 % av den 29 km lange strekningen har stigning på mindre enn 2 %.

Trafikkutviklinga på E134 avheng av kva investeringar som blir gjort utanfor prosjektområdet og på andre vegsamband aust vest. Ei omfattande utbygging av E134 mellom Drammen og Haugesund utanfor prosjektområdet (dvs aust for Kongsberg og vest for Vågsli) vil gje auke i trafikken.

Samfunnsøkonomisk analyse

Analysa tek for seg prissette og ikkje-prissette verknader. Dei prissette verknadene er vurdert samla i ei

nytte-/kostnadsanalyse for år 2022. Samfunnsøkonomisk nytte er delt inn i trafikantnytte for personreiser, logistikkostnadar for godstransport, det offentlege sitt finansieringsbehov og eksterne kostnader. Til

grunn for berekningane ligg: 40-års berekningsperiode, drift- og vedlikehaldskostander er summert opp for heile berekningsperioden på 40 år, 40 års levetid for anlegg, 4 års anleggsperiode, 2022 som året det opnast, 2022 er Saman likningsåret, 20% skattekostnad, 4% diskonteringsrente. Alle verdiar er i 2016-kroner

Prissette
verknader:

Når det gjel dei prissette verknadene kjem korridor nord ut som langt meir lønnsam enn korridor sør. Konsept nord peikar seg ut som eit skjeldant samfunnsøkonomisk lønnsamt samferdselsprosjekt i nasjonal målestokk (sjå tabell under).

Referanse	Konsept	Netto nytte pr. budsjett-krone (NNB)	Netto nytte (NN)	Trafikanter og transport-brukere	Opera-tører	Det offentlige	Samfunnet forøvrig
Basis2050	Korridor sør	-1,42	-12,3	3,8	0	-8,7	-7,5
	Korridor nord	-1,01	-10,7	7,8	0	-10,7	-7,9
Basis2050 + E134	Korridor sør	-0,36	-4,7	8,6	0	-13,1	-0,3
	Korridor nord	0,5	6,2	20,0	0	-12,4	-1,4

Ikkje prissette verknader:

I desse berekningane er influensområdet sett til 50 m på kvar side av linja for konsept. På dei strekningane som går i tunnel er det ikkje rekna verknad på omgjevnadane. Dei hovudtema som inngår i analysa er landskapsbilete, nærmiljø og friluftsliv, naturmiljø, kulturmiljø og naturressursar.

Konseptene	Landskaps- bilde	Nærmiljø og friluftsliv	Naturmiljø	Kulturmiljø	Natur- ressurser	Samlet rangering
Nullkonsept	1	1	1	1	1	1
Korridor sør	2	3	2	3	3	3
Korridor nord	3	2	3	2	2	2

Figur 37: Konseptrangering ut fra ikke-prissette virkninger

For dei ikkje-prissette temaene er det lite som skil konsept, men konsept nord er vurdert som marginalt betre enn konsept sør totalt sett.

Andre verknader

I høve til lokale og regionale verknader er det gjort ei eige utgreiing som tek for seg verknader for arbeidsliv, reiseliv, arealutvikling og tettstadsutvikling. I ei samla vurdering kjem konsept nord noko betre ut enn konsept sør. Å ikkje bygge ut slår ut med «ingen verknad». I vurderinga av dei to konseptane kjem konsept nord betre ut enn konsept sør (sjå tabell)

Tema	Konsept sør	Konsept nord
Arbeidsmarknad	Liten verknad	Positiv verknad regionalt, liten/noe negativ verknad lokalt
Reiseliv	Liten/noe positiv verknad	Positiv verknad for destinasjonar i Vinje, noe negativ for destinasjonar langs dagens trase.
Arealutvikling	Liten/noe positiv verknad	Noe positiv verknad
Kollektivtransport	Liten verknad	Positiv verknad
Tettstadsutvikling	Noe positiv/positiv verknad	Positiv/negativ verknad
Samla vurdering	Noe positiv for lokale og regionale verknader	Positiv verknad for regionale verknader, noe positivt lokalt
Rangering	2	1

Tilråding:

- Statens vegvesen rår til at E134 mellom Gvammen og Vågsli byggjas ut i ein ny korridor – korridor nord. Grunngevinga for dette er redusert reisetid, betre stigningstilhøve og at prosjektet vil vere eit stort bidrag til å gjøre E134 til eit effektivt hovudvegsamband mellom austlandet og vestlandet.
- For å få størst mogleg nytteverdi lokalt rår Statens vegvesen til at det må sikras gode tilkoplingar til det øvrige vegnettet i prosjektområdet.
- Statens vegvesen rår til at E134 tas med i handsaminga av NTP 2018-2029, og at det settes i gang arbeid med kommunedelplan for heile mellom Saggrenda/Kongsberg og Vågsli så raskt som mogleg. Grunngevinga for dette er at det er av stor verdi og sjå heile strekninga i samanheng.

Saksvurdering:

Det er svært interessant at denne KVVU-en ytterlegare forsterkar resultatane frå «Aust-Vest-utgreiinga» som kom i 2015. Rådmannen merkar seg at KVVU-en viser at det er å tydelige gevinstar å hente ut for næringstransporten med innsparing i reisetid, redusert drivstofforbruk ved betra stigningstilhøve og gode moglegheiter for kollektivtransporten. Det er svært gledeleg at E134 har så uvanleg god samfunnsnytte og kjem så godt ut i den samfunnsøkonomiske analysa. Dette er eit skjeldant nyttig prosjekt i samferdslesamanheng, noko som må bety at dette prosjektet med armen til Bergen må realiseras så snart som mogleg. Det er eit interessant perspektiv at denne vegen då kan konkurrera med flytrafikken mellom austlandet og vestlandet.

Rådmannen merkar seg at samferdselsdepartementet i oppdragsbrevet skriv at Regjeringa tek sikte på å leggje fram ei prioritering av aust-vestsamband i NTP 2018-2029. Med dei resultatane som kjem fram i KVVU E134 Gvammen-Vågsli er det openbart at dette prosjektet må prioriteras høgt i komande NTP.

Ei avgjerd om at dette prosjektet skal byggjast, må ikkje verta ei sovepute og til hinder for at opprusting av dagens vegnett.

Det er klare fordelar med å sjå heile strekninga frå Kongsberg/Saggrenda til Vågsli under eitt i den vidare planlegginga. Med så mange kommunar involvert vil det vere svært ineffektivt å leggje opp til ein avgjerdsprosess med fleire kommunedelplanar. Det vil gagne prosjektet om denne prosessen kjem i gang i 2017.

Framlegg til vedtak:

Hardangerrådet gjev slik uttale til KVVU E134 Gvammen – Vågsli:

Uttale:

Hardangerrådet iks er regionråd for dei 7 kommunane/herada i Hardanger; Eidfjord, Granvin, Jondal, Kvam, Odda, Ullensvang og Ulvik. Hardanger har både byprega område og spreidd bygde område og vi arbeider for å oppretthalda folketal, arbeidsplassar og ei attraktiv utvikling av regionen i ei tid med aukande sentralisering.

Hardangerrådet har slike kommentarar til framlagde KVVU E 134 Gvammen – Vågsli:

1. Hardangerrådet legg vekt på det nasjonale perspektivet i saka. E134 frå Haugesund til Drammen med arm til Bergen og Grenland/Vestfold (rv36) vil vere eit nasjonal hovudsamband mellom Vest- og Aust-Norge som løyser overordna transportutfordringar i Sør-Norge og gir svært god samfunnsøkonomisk lønsemd. Løysinga gir også ein god miljøeffekt og løyser nåverande vinterproblematikk på strekninga. Tilrådinga støttar og underbygger konklusjonen frå aust-vestutgreiinga.
2. Hardangerrådet støttar Statens vegvesen si tilråding om at E134 mellom Gvammen og Vågsli blir bygd ut i ein ny nordleg korridor for E 134.
3. Hardangerrådet støttar Statens vegvesen si tilråding om å gå i gang med kommunedelpanarbeid for heile strekninga Kongsberg-Vågsli så raskt som mogeleg.
4. Hardangerrådet meiner det er svært viktig at vidare opprusting av dagens E134 og rv 36 held fram inntil ny veg i korridor nord er ferdig. Vinterproblematikken på E134 Seljestad-Vågsli og Åmot-Vinjesvingen er kritisk og må løysast.
5. Hardangerrådet legg til grunn at arbeidet med KVVU for arm frå E 134 til Bergen vert sett i gang så raskt som mogleg.



Møtedato 15.12.2016

Saksansvarleg Jostein Eitrheim

HR-sak 57/16 Hardingtinget 2017 - Førebuaende drøfting

Saksvedlegg:

Saksutgreiing:

Hardingtinget 2017 er fastsett til 16. februar 2017 i Odda. Regionrådet bør snarast bestemma stad for arrangementet og tinga lokale samt drøfta tema og planleggja førebuingar.

Saksvurdering:

Det vil vera naturleg å vurdere om innhald i Hardingtinget 2017 skal vera ei oppfølging av tema frå Hardangerkonferansen 2016.

Regionrådet vert beden om å gje innspel til tema slik at førebuingane kan starta i god tid.

Framlegg til vedtak:



Møtedato 15.12.2016

Saksansvarleg Jostein Eitrheim

**HR-sak 58/16 Arbeidsplan for Hardangerrådet 2016 – 2017
Evaluering - drøfting**

Saksvedlegg:

Arbeidsplan for Hardangerrådet 2016 – 2017 framlagt i årsmøte 31.03.2016

Saksutgreiing:

Regionrådet vert beden om å drøfta vedlagte Arbeidsplan for Hardangerrådet. Innspel til justeringar vil innarbeidast revidert plan som vert framlagt til godkjenning i komande årsmøte 30.03.2017

Saksvurdering:

Arbeidsplanen bør m.a. vurderast å ta inn tilrådingane frå IHR sin rapport «Selskapskontroll med forvaltningsrevisjon Hardangerrådet IKS»

- Om ein framleis ynskjer å styrkja næringsutviklinga og felles arbeidsmarknad i Hardanger, bør eigarane av Hardangerrådet IKS sikra midlar til eit nytt næringsfond som står opp om regional utvikling og verdiskaping.
- Kommunane bør vurderast trongen for nye felles tiltak som kan motvirke ny nedgang i folketalet i Hardanger.
- Samarbeidskommunane bør vurderast trongen for nye midlar til regionalt kulturarbeid når kraftlinjemidlane er oppbrukt.
- Samarbeidsmodellen og selskapsavtalen i Hardangerrådet IKS bør reviderast dersom kommunestrukturen vert endra blant samarbeidskommunane.

Framlegg til vedtak:

Justert Arbeidsplan for Hardangerrådet 2017 – 2018 vert framlagt i årsmøtet 30.03.2017.



Arbeidsplan for Hardangerrådet iks 2016/2017

Framlegg til årsmøtet 2016

Handling	Målsetjing	Ønska resultat	Tids-ramme	Ansvarlege	Strategi-grunnlag
Presseinformasjon	Få fram viktige tema til innbyggjarane.	Få info på trykk og i radio/TV	Etter kvart	Dagleg leiar og konsulent	Informasjon
Uttalesaker	Vera på banen og gi beskjed om kva Hardanger meiner	Stå fram som samla region.	Kontinuerleg	Dageleg leiar og rådsordførar	Informasjon
Heimeside på Internett	Laga ny heimeside www.hardanger.com Drifta den gamle til ny er på plass	Informativ og tiltalende heimeside. Forenkla tilgang til saker, møtebøker og nyhende.	Kvar veke	Dagleg leiar og konsulent + innleigd teneste	Informasjon og drift
Høyringssaker	Gje høyringar for å få fram Hardanger sine samla synspunkt	Påverka avgjerder som styrkjer regionen.	Heile tida	Ordførarane, rådmennene og dagleg leiar.	Koordinering
Merkevare Hardanger Paraplymerking av regionen	Administrera dei formelle delane ved prosjektet og lisensiering av brukarar. Jobba med spreingsarbeidet av MH med logo. i Hardanger brukar MH-paraplyen.	At Hardangermerket vert kjend over heile Noreg og i utlandet. Auka bruk av offentlege og private næringsaktørar	Frå 2005	Dagleg leiar og konsulent. Merkevare-ambassadør Helge Møller	Informasjon, drift og koordinering.
Samarbeid med kringliggjande Regionråd om politiske og praktiske tiltak av felles interesse	Skapa nettverk og utnytta påverknadseffekten av samspelet mellom regionar. Etablere møteplassar mellom regionråda	Vedtak og økonomiske ordningar som styrkjer regionen	Ved høve	Rådsordførar og dageleg leiar	Samarbeid og Koordinering
Kommunestruktur i Hardanger	Halda kvarandre orientere om prosess for nye kommunestrukturar i Hardanger.	Sjølve bestemma dei framtidige kommunegrensene i regionen	2013- 2019	Ordførarane og rådmennene som sit i styringsgruppene	Samarbeid og koordinering
Etablerarteneste i regionen Team Hardanger	Driva næringsstilrettelegging og etablerartenester i samarbeid med fylkeskommunen og kommunane	Skapa fleire arbeidsplassar i regionen	Også i 2016	Dagleg leiar og Team Hardanger	Samarbeid, Koordinering og Næringsutvikling

Arbeidsplan for Hardangerrådet 2016/2017

Fagnettverk mellom kommunane som	Halda kontakt med etablerte og initiera nye nettverk mellom fagtilsett i kommunane. Koordinerast av Rådmannsforum	Meiningsfulle faglege forum der tilsette får heva eigen kompetanse og samordna oppgåver.	Heile tida i samsvar med behov	Rådmannsforum Dagleg leiar Nettverka skal driva seg sjølve.	Samarbeid og Koordinering
Oppfølging etter prosjekt Samhandlingsreforma i Hardanger og Voss	Evaluering og planlegging av vegen vidare. Evalueringsseminar September 2016.	Utvikla varige og gode løysingar for helsetilbodet i Hardanger og Voss.	2016	Rådmannsforum og dagleg leiar med Prosjekt-leiarar	Samhandling og koordinering
Kraftsaker i regionen	At kraftressursane frå Hardanger får eige kraftfond frå HFK . Planlegging av nytt framstøt mot HFK.	Kraft og kraftressursar til verdiskaping i Hardanger	2016	Ordførarane og dagleg leiar	Koordinering
Hardangerkonferansen 2016	Arrangera Hardangerkonferansen 2016 saman med Næringslivet og Ungdomsrådet	Samhandling i Hardanger om aktuelle tema.	2016	Dagleg leiar og Konsulent	Samarbeid og Koordinering
Etablerarfond for Hardanger	Vidareføra administrasjon og sakshandsaming av EFH	EFH som starthjelp for nyetablerarar	2016	Dagleg leiar og Konsulent	Næringsutvikling
Internasjonale Hardanger	Dra nytte av, utvida og utvikla regionen sitt internasjonale arbeid gjennom kommunane, næringslivet og egne prosjekt	Ha regional internasjonal samhandling som utviklingsarbeid.	Også i 2016	Dagleg leiar og konsulent, Team Hardanger	Koordinering og næringsutvikling
Hardanger Berlin	Halda vedlike den innarbeidde ordninga til 2015-2017	Framleis eit attraktiv tilbud til kunstnarane i Hardanger	2012-2017	Dagleg leiar og konsulent	Samarbeid og koordinering
Kunstgalleri i Hardanger	Delta i Forprosjekt for utgreiing av mogeleg etablering av kunstgalleri/kunstmuseum for presentasjon av lokal kunst frå Hardanger	Etablera kunstgalleri/kunstmuseum i Hardanger	2016 - 2017	Hardanger Kulturråd, konsulent og dagleg leiar	Kultur/ Næringsutvikling
Merkevare Hardanger. Rekruttering og identitetsbygging og rekruttering innanfor fruktnæring, lokalmatproduksjon og reiseliv	Styrka merkevare Hardanger, Auka rekruttering og produksjonsvolum for frukt og lokalmatproduksjon, Styrka marknadsføring og distribusjonsapparat.	Ein merkevare som styrkar næringslivet i regionen.	2016 - 2018	Dagleg leiar og konsulent	Næringsutvikling Marknadsføring
Handling	Målsetjing	Ønska resultat	Tids-ramme	Ansvarlege	Strategi-grunnlag



Møtedato 15.12.2016	Saksansvarleg Jostein Eitrheim
---------------------	--------------------------------

HR-sak 59/16 Strategi for vidare arbeid med flytting av statlege arbeidsplassar til Hardanger – Søknad om midlar til finansiering av prosjektstilling.

Saksutgreiing vert ettersendt måndag 12.12.

Saksvedlegg:

Sakstilfang:

Saksutgreiing:

Saksvurdering:

Framlegg til vedtak: